

## Søknad om bygging av landbruksveg, utfyllande opplysningar

### Bakgrunn og formål med vegen

Eg har arva gnr 178; bruk nr 2 *Nystølen* i Alver etter mi mormor. Dette er ein liten, veglaus gard ved Storavatnet som har vore fråflytta sidan 1974. Postadresse er Vassbygdvegen 614, 5912 SEIM, sjå vedlagt kart 1 og 2.

Tilkomst til garden var å ro over Storavatnet frå Leivestad og gå opp ei bratt li til huset. Etter at Kjenesbrua kom, kunne ein også gå forbi garden på Kjenes (gnr 178, bruk nr 3) og vidare på ein sti til Nystølen. Denne er ikkje kjørbar for traktor og er i dag også dårleg framkommeleg til fots.

Sidan det ikkje er tilkomstveg til Nystølen som kan kjørast med traktor eller liknande, blir det svært vanskeleg å få gjort vedlikehald av hus og andre nødvendige tiltak. Det er heller ikke råd å ta ut ved eller tømmer.

### Forslag til vegløyving

Den enklaste måten å få ein tilkomstveg til Nystølen vil vera å få tillatelse til å bruka den eksisterande vegen som tar av frå riksvei 57 og går forbi Seim Skyttarlag sitt klubbhus og vidare fram til skivene.

Der startar ein landbruksveg som går sørover og kjem nær opp til Nystølen, sjå kart 2.

Ved å laga ein avkjørsel på rundt 150 m frå landbruksvegen (merka med grønt på kart 2), vil ein komma fram til Nystølen. Denne landbruksvegen som var laga på 1980 talet er i dag svært tilgrodd og ikkje framkommeleg og må ryddast for å kunna brukast. Det er mange grunneigarar som per i dag har rett til å bruka denne vegen.

### Nabovarsel

Eg har snakka med og sendt nabovarsel til grunneigarane av dei to vegane nevnt ovanfor, sjå liste med nabovarsel.

Ingen av grunneigarane har hatt innvendingar til søknaden bortsett frå Seim Skyttarlag. Dei vil ikkje tillata at eg skal kunna bruka vegen forbi skytebana, sjå eige vedlegg med grunngjeving.

I svaret på nabovarselet frå Seim Skyttarlag har dei særleg to innvendingar:

1. Det vil ikkje bli gitt fleire løyve til å kjøre ut og inn på Rv 57 utover det som gjeld i dag.

*Kommentar:* Det er alt mange som disponerer vegen i dag til landbruksformål i tillegg til at den blir brukt av medlemmar av Seim Skyttarlag. At det kjem ytterlegare ein ny brukar til for landbruksformål, kan neppe endra føresetnadane som er gitt for avkjørselen til Rv 57.

2. Dei ynskjer ikkje ferdsel forbi skytebane/skiver av tryggingssgrunnar.

*Kommentar:* Som nevnt under punkt 1 er det mange grunneigarar i området som også i dag har rett til å bruka vegen forbi Seim Skyttarlag sitt anlegg; i tillegg kjem turgåarar. Skyting skal varslast med raude flagg på begge sider av skytefeltet. Eg meiner at min bruk av vegen om tillatelse blir gitt, ikkje vil skilja seg prinsipielt frå det andre grunneigarar i område alt har løyve til.

Vegen som eg søker om å få byggja går over eigedomen til Irene Kjenes (gnr 178, bruk nr 3) før den kjem inn på gnr 3; bruk 2 Nystølen.  
Ho har gitt tillatelse til dette, sjå vedlegg.

### Sluttord

Eg håpar på eit positivt svar på søknaden. Om det skulle mangla nødvendige opplysningar, kan desse ettersendast.

Med venleg helsing

Hans Rune Fanebust

